



# Naturvernforbundet

## Molde

Molde 03.07.24

Statens vegvesen [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no)

### **Ny veg E39 – Lønset – Hjelset – innspel underveis og vidare oppfølging**

Naturvernforbundet Molde engasjerte seg i prosjektet sin planleggingsfase og så under anleggsarbeidet. Nå like før opning har vi sett på ein del forhold langs vegen.

Vi finn det framleis rett å meine noko om det utførte arbeidet. Vi ønskjer difor å bringe inn nokre moment som må vurderast før ein heilt kan ferdigstille anlegget, og som vi ønskjer tilbakemelding på. Samstundes håper vi at det vi bringer inn blir vurderte ved andre store anlegg i fylket det vere seg samferdsel eller andre sektorar. Erfaringane kan bli til nytte for fleire.

Vi ønskjer også å finne ut kva vekt det i praksis blir lagt på oppfølging av råd om natur og miljø i Statens vegvesen sine handbøker og rapportar som til dømes V271 "Vegetasjon i veg- og gatemiljø", V131 "Veg og natur", V134 "Veger og dyreliv" og rapport 987 "Naturrestaurering på Statens vegvesens arealer."

I arbeidet med dette brevet har vi fått innspel fra Forum for natur og friluftsliv (FFN) i Møre og Romsdal, som Naturvernforbundet hører til, og som også har engasjert seg i prosjektet.

#### **Finstoff ut i fjorden**

Det seier seg sjølv at ved eit så stort anlegg og nedslagsfelt (9 km langt og snittbreidde 100 m?) så vil store overflater bli avdekt for toppdekke og vere utsett for erosjon. Vi har registrert store mengder finmassar som har gått i vassdraga og vidare ut i sjøen/fjorden som har farga Fannefjorden. Kor store sedimentlag med finstoff og kor stor del av Fannefjorden som har fått tilført dei store mengdene med finstoff er noko vi lurer på.

Lokallaget tok opp problemet med finstoff i eit brev av 19.04.22 til Molde kommune som ansvarleg etter forureiningslova. Brevet har tittelen "E39 Lønset-Hjelset og forurensning av Fannefjorden". Vi fekk ikkje tilbakemelding på brevet frå verken kommunen eller Statens vegvesen som fekk kopi av det. Hadde SVV søkt om nydyrkning av eit så stort areal, så ville landbruksmyndighetene kravd opptil fleire sedimenteringsbasseng slik at ikkje finmassar kom ut på fjorden. Men dette er jo ei anna sektormyndigkeit så her er det kanskje anna lovverk som styrer veganlegg?

Vi meinte at utsleppet av finstoff skulle ha vore handsama etter forureiningslova. Dersom SVV er usamd, ønskjer vi tilbakemelding på det. Vi ønskjer også å få vite kva mengder finstoff som gjekk ut i fjorden i anleggsperioden? Kva influensområde i Fannefjorden snakkar vi om og kva konsekvensar for livet i Fannefjorden fekk tilførselen av dei store mengdene finstoff ?

### Brenning og anna handtering av bygningar

Hausten 2019 vart FNF merksame på at 26 bygningar kom i vegen for veganlegget der ein del av dei skulle brennast. Dei bad SVV om ei tilbakemelding med vurdering av forureininga dette ført til. Dei fekk då tilbakemelding frå SVV om at utvalde bustadhus og andre bygningar skulle brukast som objekt til øvingar av Molde brann- og redningsteneste. Resten av bygningane skulle få utarbeidde miljøsaneringsplanar med detaljert oversikt over material i husa slik at miljøfarlege materialar ikkje blir spreidde, men levert til godkjent mottak.

No er bygningane sanerte, også bygningar som ikkje var tenkt sanert i utgangspunktet. FNF vart informert om hytter er sanerte (brent) og grunngjeve med at det var dyrare å legge veg til dei enn å løyse ut verdiane i bygga.

Dei ba om tilbakemelding på kva bygningar som vart sanerte og på kva grunnlag – var bygga fysisk i vegen for nyvegen eller var det også anna grunngjeving? Og kva bygningar var brukt som øvingsobjekt for brannvesenet og kva erfaringar gjorde brannmyndighetene med desse? Og dei ville gjerne ha ein samla oversikt over dei bygningane som vart sanerte (med miljøsaneringsplan) utover dei som vart brente.

### Vassvegane

Når ein lagar ein ny veg i ei skråning med ei slik lengd som dette, kryssar ein mange vassvegar av ulik storleik. Det ideelle er jo å ikkje røre vassvegane og la vatnet gå utan menneskeleg påverknad i sine naturlege leier og med kantvegetasjon. Men i praksis ser vi at ein gjer tilpassingar som tener det funksjonelle med veganlegget. Om ein gjer noko vesentleg endring på ei elv/bekk, hadde vi rekna med at både fagmyndighetene innan natur, kultur og vassdrag vurderte inngrepene slik at ein fekk den beste løysinga.

Vi har ikkje sjekka alle elver og bekkar på strekninga like før opning av vegen, men vi ser blant anna at det er gjort drastiske endringar på elva som renn ved Skjerså, elva Skjerså (sjå bilde på neste side). Vi lurer på korleis ein tok omsyn

til den gamle postvegen, kor det vart av kantvegetasjonen ved Skjerså og så lurer vi på om det er NVE som har teikna og dimensjonert den spylerenna som no er laga? Vi ønskjer tilbakemelding på; Kva sa fagmyndighetene innan kulturvern, natur og vassdrag om inngrepet gjort i og ved Skjerså?



*Skjerså sett frå sjøsida*

### **Jordvern**

Slik vi tenkjer jordvern gjeld dette både areal og som ein ressurs. FNF har saman med Bondelaget ved tidlegare større anlegg (til dømes Tresfjordbrua) gjort SVV merksame på at matjorda som blir teke ut av eit anleggsområde må tilførast tilbake til bonden for produksjon av mat. Diverre ser vi at matjorda blir sløsa med i vegkantane og i midtrabattane. FNF har tidlegare foreslått at i staden for matjord må ein tilføre sand/grus til beste for naturmangfaldet (sjå eige punkt

under). Ved å bruke næringsrik jord i vegkantane kan ein tenke seg utfordringa med både kantklipp, beite og tilrettelegging for framande arter som til dømes slirekneartar og lupinar.

Vi ønskjer tilbakemelding på; Kva lovverk er det som styrer kor matjorda blir nytta i eit slikt anlegg ? Kva mengde matjord er lagt i vegkantane og midtrabattane på dette anlegget?



*Vegkant ny veg E39 Lønset - Hjelset*

### **Biologisk mangfold i vegkanten**

Naturvernforbundet og andre grøne organisasjonar i fylket har nettopp hatt eit presseoppslag om kantslått og kor fornuftig dette er (sjå <https://www.rbnnett.no/meninger/i/zAgjIK/avgrens-kantslaatten>). Her gjorde vi vegmyndigkeitene, det vere seg Statens vegvesen, fylkeskommunen eller kommunane merksame på den naturen som også fins i vegkantane og korleis ein skal avgrense kantslåtten til ein slått i året – då kan me få blømande blomsterengar og insektliv på midtrabattane og i vegkantane. Insekta og andre dyr er avhengig av blant anna vegkantane og naturen der. Insekta er under sterkt press frå ulike hald knytt til giftbruk i landbruket og elles i samfunnet grunna menneska, så dei treng all hjelp dei kan få.

Verda går vidare og vi tenkjer miljøomstsyn på mange felt – eit av dei viktigaste endringane er at FN har kome med sine berekraftsmål og som Molde kommunen legg til grunn for sitt arbeid.

Ei anna av nyvinningane er at i 2018 la Regjeringa fram ein nasjonal strategi for å sikre levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt for å ta vare på økosistema. Åtte ministrar signerte strategien, blant anna samferdselsministeren (sjå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/lanserer-ny-nasjonal-pollinatorstrategi/id2606291/>). Om du opnar dette strategidokumentet (sjå <https://www.regjeringen.no/contentassets/3e16b8410e704d54af40bcb3e687fb4/e/nasjonal-strategi-for-villbier.pdf>) finn ein der fleire stader der samferdsel er nemnd. Blant anna:

*"Alle sektorar skal arbeide med å redusere bruken av kjemiske plantevernmiddel og risikoen ved bruk av slike middel i tråd med regelverk og Handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel.  
(Side 7)*

*"Samferdslesektoren vil ta omsyn til pollinatorar i drift og skjøtsel av kantsoner langs transportliner, innanfor rammene av andre samfunnsomsyn i sektoren."(Side 37)*

*Utbryggjarar av veg, jernbane, kraftgater, bygg og anlegg, og annan infrastruktur bør nytte naturleg revegeterering frå stadlege toppmassar der det høver, eller så til med pollinatorvenlege frøblandingar når dette er kommersielt tilgjengeleg."(Side 37)*

*Alle sektorar skal følgje opp Strategi og tiltak mot framande skadelige arter frå 2007. Arbeidet med nedkjemping skal styrkast gjennom ein ny tiltaksplan."(Side 37)*

Framande artar følgjer også store anlegg. Vi ser at parkslirekne og lupinar allereie er på plass i vegskråningane langs vegen. Dette er ikkje bra for ytterlegare spreiing av desse artane som vi prøver å avgrense utbreiinga av.

På nettsidene til SVV finn ein fleire artiklar om temaet. Vi kan nemne "Fremmede arter – oppfølging av lovverk (vegvesen.no)" og "Risikovurdering for spredning av fremmede arter (vegvesen.no)."


Vi ønskjer tilbakemelding på; Kva artar ser ein for seg skal vekse i veg-skråningane på ny veg E 39 Lønset – Hjelset ? Kva slåtteregime ser ein for seg på strekninga ? Kva er planen for å hindre utbreiing av framande artar?



### Parkslikekne ved nyvegen E 39 Lønset – Hjelset

#### Oter

Oteren følgjer vassvegane, også ovafor vandringshindra for anadrome fiskeslag. Vi får inntrykk av systemsvikt da ein planla kulvertane på dette vegprosjektet og berre tenkte fisk, men vi meiner at handbøkene til SVV er laga til for å følgjast. For å hjelpe oteren må ein lage ein hengande vandring på sida inne i kulverten som vist på figuren på side 73 i handbok 242 til SVV (sjå figur under).



Figur 5-56: Mindre dyr kan bruke små kulverter om dei er tilrettelagt for passering. a) denne løsningen bør ikke velges siden heile kulverten er fylt med vann. b) og c) gir mulighet for å passere over vannflaten såfremt vannfløyingen ikke er stor. d) viser en passasjermulighet på en plank over vannivået.

73

#### Utsnitt fig. frå side 73 i handbok 242 til SVV

Forum for natur og friluftsliv har tidlegare gjort SVV og Statsforvaltaren merksam på at dei planlagde støypte elveundergangane ikkje var i tråd med dei

gjeldande retningslinjene for korleis slike skal lagast. FNF oppfatta tilbakemeldinga frå SVV og Statsforvaltaren (i feb. 2023) at dette skulle det ordnast opp i. Vi har ikkje høve til å sjekke alle kulvertane på strekninga, men vi tok no eit bilde av kulverten ved Lønset (sjå bilde under). I den er det ikkje laga ei vandring for oteren.



#### *Kulvert Lønsetelva 22 juni 2024*

Vi ønskjer tilbakemelding på; Kva blir gjort med kulvertane på nyvegen Lønset-Hjelset slik at også oteren kan passere?

#### **Masserekneskap**

Naturvernforbundet Molde har dei seinare åra peika på at ein må vurdere alle sider av eit større anlegg, også masserekneskapet. Vi har mellom anna registrert at det er fylt ut med masser på store areal på austsida av vegen opp mot Fursetfjellet frå Opdøl.

Vi ønskjer tilbakemelding på; Kva områder er fylt ut med overskotsmassar frå nyvegen og kva masser er fylt der? Er massedeponia handsama etter plan- og bygningslova?

## Tilrettelegging for turar og friluftsliv

Naturvernforbundet er også opptekne av tur- og ferdsselsårar. Vi har kartlagt snarvegar i byen og i tillegg laga eit kart som viser starten på stiar som går opp i Moldemarka.

Ved nyvegen vil mange turvegar/stiar kappast av naturlege årsaker. Vi ser at skogsvegen ovanfor nyvegen samt tilførselsvegar nedom nyvegen og tilførselsvegar mellom nyvegen og skogsvegen opnar for turfolket. Vi er difor glade for at SVV lagar bruer og turvegar som ved Mjelveelva (sjå bilde under). Vi oppfordrar SVV til å fortsette dette gode arbeidet med å legge til rette for dei som vil ut i naturen og som treng litt hjelp til dette.



*Turvegbru ved Mjelveelva*

Vennlig helsing

Naturvernforbundet Molde  
v/Knut Løken, sekretær  
Lillevikvegen 4A  
6412 Molde

Kopi: Sjå neste side.

Molde kommune, [postmottak@molde.kommune.no](mailto:postmottak@molde.kommune.no)

Møre og Romsdal fylkeskommune, [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no)

NVE, [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Møre og Romsdal Bondelag, [more.romsdal@bondelaget.no](mailto:more.romsdal@bondelaget.no)

Forum for natur og friluftsliv, [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

E-post: [molde@naturvernforbundet.no](mailto:molde@naturvernforbundet.no) Naturvernforbundet Molde er på  
Facebook og Instagram

Nettet: <https://naturvernforbundet.no/moreogromsdal/lokallag/molde/>  
Org. nr. 919 666 846